

## Saksprotokoll

### 2.gangs behandling og sluttbehandling - Reguleringsplan for Øvre Kamben (Revisjon)

---

Arkivsak-dok. 18/02026  
Saksbehandler Hanne Cecilie Nes

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	21.05.2019	32/19
2 Kommunestyret	18.06.2019	42/19

---

#### Kommunestyret har behandla saka i møte 18.06.2019 sak 42/19

##### Behandling

Kristin Bakke Haugen(SP) ba kommunestyret ta stilling til sin habilitet då ho er gift med ein grunneigar i Øvre Kamben. Sigrun Eng (AP) ba kommunestyret ta stilling til sin habilitet då ho har ein svigerson som har interessar i saka.

Båe representantane trådte ifrå medan kommunestyret tok stilling til habiliteten.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Kristin Bakke Haugen (SP) og Sigrun Eng (AP) var inhabile i saka. Ingen møtte som vara for dei to inhabile representantane.

Saksordførar: Tor Helge Bergh.

Helge Feet (V) hadde ordet.

Rådmannen fremja eit tilleggspunkt III:

«Eksisterande reguleringsplan For Øvre Kamben Planid:2007001, F6 Kamben – Golsfjellet Planid: 2009001 og detaljregulering Kamben gnr. 12, bnr. 13 Planid: 2017003 blir alle oppheva».

##### Votering

Samrøystes.

##### Vedtak

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for revisjon av Kamben, Planid: 2007001 med heimel i plan- og bygningslova §§12-3 og 12-12 på følgjande vilkår:

- VA-plan skal ligge føre til sluttbehandling i kommunestyret
- Plankartet oppdaterast med rekonstruksjon av skylddelingsforretning for gnr. 23, bnr. 178.
- Tomt 125 kan ikkje byggast før grensene er kartlagd.
- Føresegn 3.1 kulturminne skal supperast slik: I Hensynssone H570\_1 ved Id-10389 skal kulturvernavingdelinga i fylkeskommunen varslast dersom det skal pløyast dypere eller gjerast andre inngrep i grunnen

- Før tomt 59 og 60 blir utbygd skal *Bjødnalibekken* bli lagt om slik at faren for flaum blir eliminert. Det skal tas kontakt med NVE slik at omlegginga skjer i samsvar med NVE sine retningslinjer
- Føresegn 4.2 blir supplert slik at tomt 14 – 28 skal ha maksimal mønehøgde på 6 meter.
- Gnr. 12, bnr. 87 og 88 er bebygd og skal fortsatt ha mønehøgde på 4,5 meter.

II

Det delegerast til rådmannen å foreta redigeringsmessige endringar i kart og føresegner før endeleg kunngjering av planvedtaket.

III

Eksisterande reguleringsplan For Øvre Kamben Planid:2007001, F6 Kamben – Golsfjellet Planid: 2009001 og detaljregulering Kamben gnr. 12, bnr. 13 Planid: 2017003 blir alle oppheva